




Rett avløysar til rett tid!



NLT Sunnfjord – vi er der du er



Vi er eit andelslag med ca. 500 medlemmar som har rett til avløysarrefusjon. Medlemmane er bønder i Sunnfjord (Førde, Naustdal, Gular), Kinn (tidlegare Flora kommune), Høyanger, Hyllestad og Solund.

Hovudoppgåva vår er å skaffe avløysar til medlemmane når dei skal på ferie, har fri, permisjon eller er sjuke. Vi tek også lønningsoppdrag for andre.

Årlig får ca. 600 personar lønn gjennom laget. Blant våre tilsette har vi dyktige landbruksvikarar, ringavløysarar og nokre freelance avløysarar i forskjellige stillingsprosentar. I tillegg har vi mange familieavløysarar og personar som tek kortare oppdrag.

Vikarane våre er høgt kvalifiserte, og du kan vere trygg på at garden og dyra dine blir godt tatt vare på.

Kontoret vårt ligg i 2. etasje i rådhuset til Sunnfjord kommune i Førde, og er bemanna alle dagar frå kl. 09:00–15:00.

Vi tilbyr:

- beredskap ved sjukdom og anna fråvær
- kvalifisert arbeidskraft
- elektronisk personaladministrasjon i Webtemp
- hjelp med søknadar ved sjukdom, fødsel osv.
- gode forsikringsordningar gjennom NLT
- vernerundar/kurs i samarbeid med NLR

Vi er medlem av:

- NHO Mat og Drikke
- Norske Landbruksatenester (NLT)
- Norsk Landbruksrådgiving (NLR)



Avløysaryrket

Avløysaren tek over det daglege arbeidet på garden når bonden er fråverande. Vanlege oppgåver er stell av husdyr, overvakning og vedlikehald av utstyr og anlegg, arbeid på åker og i skog, betening av landbruksmaskiner, innhausting, våronn og haustonn.

Som avløysar får du jobbe variert, både inne og ute i all slags ver. Du må vere sjølvstendig, fysisk sterk og oppdatert på stell av dyr og maskiner. HMS må alltid vere i fokus.

Du må ha omsorg og tolmod med både dyr og menneske, og det er viktig at du samarbeider godt

med bonden. I dette yrket er ingen dagar like!

Webtemp

Webtemp er eit elektronisk verktøy som gjer det lettare å administrere drifta og er nyttig både for bonden og avløysaren. Her kan ein administrere lønn, registrere og godkjenne timelister, hente faktura, tilgang til årsoppgave m.m. og kommunisere med tilsette.

Det finst ein eigen portal for rekruttering med oversikt over ledig personell. Her kan avløysarar legge inn CV og gjøre seg synleg for oppdragsgjevarar.

Kvifor er avløysaren viktig?

Kåre Åsebø:

«Eg tok over garden i 1995. Har fram til 2021 drive med mjølkeproduksjon. I byrjinga hadde eg faren min som fast avløysar. Nyttå då avløysarlaget som «lønningskontor». Då helsa til far min svikta, vart det aktuelt å delta i og opprette avløysarring. Avløysarlaget lyste då ut stillingsannonse og tilsette ringavløysar. Var med på å organisere og drifta avløysarringen. Etter 20 år vart ringen opplyst. Eg har sidan den tid nyttå avløysarlaget til å leige landbruksvikar/avløysar ved sjukdom, ferie og fritid.

NLT Sunnfjord har vore avgjerande for at eg fortsatt kan vere bonde. Eg var utsatt for ei alvorleg arbeidsulykke i 2011 og var sjukmeld i eit år. I dei periodane ringavløysaren var oppteken eller hadde fri, klarte avløysarlaget å skaffe vikar heile tida. Dei fleste bønder arbeider mykje og har lange dagar. Då er det viktig å kunne planlegge seg fri av og til. Her spelar avløysarlaget ei viktig rolle. Det er godt å vite at ein kan ha tilgang på avløysarar som kan steppe inn når det trengst. Særleg viktig er det når det oppstår sjukdom eller ulykker.»



Bodil Hovland Øren:

«Landbrukstenesta styrkar beredskapen for godt dyrehald dersom vi som bønder skulle bli akutt sjuke eller råkast av ulykke. Det bidreg til at vi føler oss tryggare i kvardagen. Dei er løysingsorienterte og gjev kjapp respons. God organisering av avløysarlønning, det i seg sjølv er avgjerande for vår bruk av avløysar.»



Ann Elen Endestad:

«Som avløysar må eg ofte ta over ansvaret på garden, då bonden av forskjellige grunnar kan vere vekke. Det er eit stort ansvar, men dette yrket gir meg også ein variert arbeidskveldag. Det er fint å kunne jobbe både ute og inne. Som avløysar må ein vere innstilt på å ta i eit tak når det trengst.



Terje Sekse Horne:

«Eg har drive med mjøkeproduksjon i 16 år no og har hatt god bruk for tenestene til NLT Sunnfjord. I starten var det mest til å lønne avløysing internt i familien, men dei siste åra har eg også hatt god hjelp av landbruksvikarane til NLT.

Å kunne leige inn landbruksvikar har vore heilt avgjerande for at eg kan ta meg fri innimellom og reise bort med familien. Fleire gongar har eg brukt landbruksvikar i samband med fødselspermisjon. Då har det vore veldig fint å få hjel til å fylle ut og levere søknad, og eg sparer mykje tid på å overlate denne typen arbeid, og arbeid med lønn til folk som kan dette godt, slik som NLT Sunnfjord.»

Etter at NLT Sunnfjord tok i bruk Webtemp har det blitt mykje enklare for meg å levere timelister. Eg treng ikkje lenger stresse rundt for å få underskrifter på timelistene før eg skal levere dei, då bonden godkjener elektronisk. Lønsprosessen er ryddig.»

Camilla og Bjørge Avedal Ulvik:

«Landbrukstenesta er dei som lønner ut dei som arbeider hos oss enten det er ferie og fritid, sjukdom eller svangerskap. Vi har vore fornøgde sidan vi starta i 2015 og kjem nok til å fortsette å bruke dei. Er det noko vi har lurt på er dei aldri lenger vekke enn ein telefonsamtale!»





NLT Sunnfjord SA

Norske Landbrukstenester Sunnfjord
Postboks 338, 6802 Førde

Besøksadresse:
Rådhuset - Sunnfjord kommune
Hafstadvegen 42, 6800 Førde

Telefon: 907 06 830
post@landbruk.org



**Vi takkar våre
samarbeidspartnarar**

Langstiktigkeit,
sikkerheit og
best økonomi

Dortura
bondens selskap

Det naturlige valget



Foto: Tom Helgø


Maskinsenteret

VALTRA

Maskinsenteret i Førde – Fjærevegen 15
Tlf. 959 42 087
www.maskinsenteret.com



**FAGHANDEL INNEN
TRELAST OG BYGGEVARER**

XL BYGG **FARSUND BYGG**

XL-BYGG Farsund Bygg
Sanderplassen 7, PB 11, 6801 Førde
post@farsundbygg.no • Tlf.: 57 78 18 00

Følg oss på: 
xl-bygg.no

**Vi er stolt støttespelar
for landbruket**

"Som kunderådgjevar er det viktig å tilpasse finansiering til den enkelte kunde sine økonomiske føresetnadar og planar. Eg har følgt landbruksbransjen lenge både privat og i jobbsamanheng, og kjenner denne næringa godt."

Ragnhild Helgheim,
kunderådgjevar og bransjeansvarleg landbruk



"Bondens Supermarked"



N

Utstyr og reiskap for stell av dyr
Nessemaskin

Sjøarsv. 5 · 6994 Nessane · Tlf. 57 69 48 00 · www.nessemaskin.no